

| Nr. | Avsendar | Hovudpunkt i merknad | Kommentar frå forslagsstilar |
|-----|--|---|---|
| 1 | Fylkesmannen i Hordaland (FM) e-post av 26.04.2017 | Har ikkje merknader til utviding av planområdet Det bør setjast ein maksimal byggjehøgde òg for gasstankar og liknande, jf. § 6.1.6 i føresegna, for å få ein gyldig høgdeføresegn Viser til at støyretningslinene er revidert, slik at føresegn § 1.4.2 bør vise til T-1442/16 | Teke til etterretning Teke til etterretning- Det er satt ein maksimal høgde på 15 meter, jf. endra § 6.1.6. Teke til etterretning |
| 2 | Fylkesmannen i Hordaland (FM) - samordna uttale e-post a 02.05.2017 | Har motteke brev av 02.05.2017 frå Statens vegvesen kor det går fram at dei no vurderer det slik at motsegn kan trekkjast attende, basert på nytt planframlegg Orienterer for ordens skuld om at det ikkje lenger føreligg statleg motsegn til planen som er til hinder for kommunalt planvedtak. Viser elles til dei råda som FM har gjeve i sine uttalar og ber kommunen vurdere å ta omsyn til desse i det vidare arbeidet med planen | Teke til etterretning Teke til etterretning |
| 3 | Statens vegvesen (SVV) e-post av 02.05.2017 | SVV saknar ei sjølvstendig vurdering av trafikk- og tilkomsttilhøva, slik dei har bede om i tidlegare brev av 26.08.2016 og 20.01.2017 SVV vurderer at den innregulerte løysinga for krysset mot fylkesvegen er den rette løysinga for dette krysset. Venstresvingfeltet er noko kort, men SVV kan akseptere den framlagte løysinga ettersom mengda trafikk til næringsområdet er avgrensa. | Det er arbeidd mykje med løysing for kryss/avkjørsle ut mot fylkesvegen. Løysinga som er teikna inn i plankartet er ifølge SVV den riktige løysinga. Teke til etterretning |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | <p>SVV trekker sin motsegn til planen</p> <p>I føresegna bør det innarbeidast krav om at byggeplan for tiltak i tilknyting til fylkesvegen skal vere godkjend av SVV før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak</p> <p>Gjer merksam på at det må utarbeidast arbeidsvarslingsplan og at tiltakshavar må inngå gjennomføringsavtale med SVV for tiltaka knytt til fylkesvegen</p> | <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning, jf. § 3.1.1</p> <p>Teke til etterretning</p> |
| 4 | Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) e-post av 28.04.2017 | NVE har ingen merknadar til planframlegget | Teke til etterretning |
| 5 | Hordaland fylkeskommune (HFK) e-post av 02.05.2017 | HFK har ingen merknadar til utvidinga eller dei nye endringane | Teke til etterretning |
| 6 | Jan B. Thorsheim e-post av 27.04.2017 | <p>Viser til at Storavassdraget i alle tider har hatt god ein god bestand av ål. Tilkomst for ål til vassdraget har vore god. Den viktigste tilkomsten er elva frå sjøen på Nesfossen til Storavassdraget og landskapsområdet rundt Nesfossen. Ålelarvar har, og må framleis mytta dette området for å nå vassdraget over den 12 meter høge fossen.</p> <p>Etter at Nesfossen smolt AS starta opp har dette området av naturlege tilkomstvegar for å til vassdraget vorte hindra av vegar og andre anlegg</p> | <p>Det er ikkje lagt opp til å stengje igjen vasstrekken til Nesfossen. Elva som ligg her i dag vert oppretthaldt gjennom heile anleggsfasen og når tiltaka er på plass. Dette er sikra gjennom planføresegna, jf. §§ 2.2.1 og 2.2.2. Det er lagt opp til å etablere ein midlertidig anleggsveg i anleggsperioden for å unngå store inngrep i terrenget mot sjø. Den midlertidige anleggsvegen vil oppførast med kulvert og § som sikrar at det er mogleg å oppføre anleggsvegen, § 8.1.3, er knytt opp mot § 2.2, som omhandlar anleggsfasen. På</p> |

| | | |
|--|---|--|
| | <p>fram til smoltanlegget</p> <p>Planframlegget legg opp til fleire hindringar for ålelarvane</p> <p>Det må utarbeidast gode planar og tiltak for å sikra gode tilkomstvegar for ålelarvar til vassdraget.</p> <p>Naturvernmynde i Hordaland fylke må inn i saka slik at dette er på plass før løyve til oppstartvert gjeve.</p> <p>Det må også førast oppsyn i etterkant i vassdraget, slik at naturleg ålebestand ikkje dør ut grunna planlagde tiltak.</p> <p>Ål er i dag eit verna fiskeslag. Ål vert i svært mange vassdrag hindra av utbygging.</p> | <p>denne måten er det sikra at anleggsvegen må opparbeidast på ein måte som sikrar det biologiske mangfaldet slik intensjonane har vore gjennom heile planprosessen.</p> <p>Viser til gjennomført biologisk rapport som viser til at vassdraget vert vurdert til å vere mindre viktig for ål fordi ålelarvar kan vandre på tørt land over ganske store avstandar.</p> <p>Planen legg opp til stort omsyn til det biologiske mangfaldet innanfor og i nærleiken av planområdet</p> <p>Ål fått justert ned sin raudlistestatus frå CR (kritisk trua) til VU (sårbar) i ny raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015)</p> |
|--|---|--|